

# ÅRSMELDING



**TIME SOKNERÅD**  
**2007**

## ÅRSRAPPORT TIME SOKNERÅD 2007.

I 2007 var soknerådet samla til 7 møter og behandla 20 saker.

Året begynte med at Anne Sofie Haarr vart sjukemeldt. Me hadde då fleire vikarar i 5-6 månader. Godt ho er i arbeid igjen og at helsa er god.

3. juni vart den nye soknepresten vår, Gunnar Frøyland tilsett. Han skal i hovudsak ha si presteneste i Time kyrkje og Lye forsamlingshus. Anne Sofie Haarr skal frå no av dekke prestenesta i frihelgene til dei andre prestane både i Time, Bryne og Undheim. Denne løysinga ser ut å fungera godt. Me er og glade for at Gunnar Frøyland får god kontakt med folk både i Time og Lye. Klokkaren vår, Ragnhild S. Dyngeland, har begynt etter permisjonen. Det gjer inntrykk å sjå ei mor med 4 småbarn fyller denne oppgåva på ein god måte. Vil samtidig takka alle frivillige klokkarane for god hjelp i permisjonstida.

Sumaren vart våt i år. Kyrkja skulle malast og det drog ut til langt på ettersumaren før veret var lagleg til at kyrkja kunne malast. No er det ei kvit og rein kyrkje som møter oss.

Ope kyrkjetorg har me ikkje hatt i år på grunn av lite frammøte. Men kyrjekaffi i dette gode påbygget forbind mange med ei fin oppleving. Er takksame for alle velvillige og gode medhjelparar som er med og koker kaffi og har mykje godt å bita i. Til og med 1. juledag og 1. nyttårsdag er nokre villige til å ta ansvar for kyrjekaffi.

Frammøte til gudstenestene er godt. Kan vera nokre få sundagar der det ikkje er noko ekstra me kunne ynskje det var fleire. Har inntrykk av at folk reiser heim etter gudstenestene med glede og takksemnd over å ha denne kyrkja å samlast i. Ekstra gildt er det og dei gongene det er med kulturskuleelever og andre som syng og spelar. Song og musikk var og vellukka i prestegarden dei 3 første sundagane i juli. Hognestad og Vestly skule var også i år med og gav oss 2 fine gudstenester.

150 års jubileumskomiteen arbeider fortsatt med førebuinga til jubileet i 2009. Kommunen har nå vedteke at me skal få 1mill. kroner til ymse endringar i kyrkjeromet. Det vert bl.a. arbeidt for å gjera kyrkja meir tilgjengeleg for menneske med funksjonshemming. Per Odd Aarrestad har laga eit utkast til kunstverk i vindaugo i fondveggen.

I november hadde me ein vellukka kulturkveld der temaet var "lilja". Casper Henning med eit kor frå Stavanger var med oss denne kvelden. Det var matpause og sal av fine bilete med liljemotiv som Herborg Kverneland hadde laga.

Arbeidet på Lye forsamlingshus går vidare med god innsats av dei som har ansvaret for det. Det er planar om påbygg av huset. Godt det er personar som ser framover og har pågangsmot.

Helgedagen, trusopplæringa og elles ungdomsarbeidet på Lye betyr også mykje for kyrkjelyden. Redaksjonen i "helgedagen" er fortsatt på leiting etter fleire medarbeidarar.

Økonomien er god, men nå når det ikkje er frivillige klokkarar kan det nok verta behov for meir pengar ved ofringane.

Vil takka alle, både tilsette og frivillige, for trufast arbeid år etter år. Takk også til kyrkjegjengarane som møter regelmessig fram og skaper det gode fellesskapet. Det er ei god prioritering å møtast i Guds hus og på den måten få liv "frå kilder utenfor oss selv".

Amund Undheim.

# Trusopplæringa i Time – Årsmelding 2007

## Visjon

Ei raus og tydeleg kyrkje kor barn og unge får hjelp til å leve livet i tru, håp og kjærleik.

## Mål

Gje alle barn og unge

- systematisk og samanhengjande trusopplæring
- trygg barnetru med rom for undring og vekst.
- kristen identitet og tilhøyring i kyrkjelyden.

## Dette året har vi jobba med:

- 0-1 år: Babysong på Lye i kjellaren på Lyefjell barnehage. Samarbeid med den opne barnehagen. Sviktande oppmøte på slutten av året, vurderer om vi skal tilbake til Undheim.
- 2 år: Undretur m/ utdeling av CD i Bryne og Time. Har ein del å gå på når det gjeld oppmøte.
- 2 år: Haustakkegudsteneste m/ utdeling av CD på Undheim. Barnehagen deltar.
- 5. klasse: "Størst av alt". Bryne: ca 22 av 90 barn, med på "Fest i Guds hus". Undheim: Første kull med "juniorkonfirmantar", 13 av 20 deltok. Her er det frivillige som driv arbeidet. Med på gudsteneste febr. 2008. Time: Felles Hognestad, Vestly, Lye, 24 barn, med på Mukulamesse jan. 08.
- 5.-7.klasse på Undheim våren 07: "Open kjellar". Foreldre drive tiltak.
- Livsglededøgnet: Felleskristen markering av livsglede på Bryne torg. "Plant eit tre"-aksjon i lag med AFRI og alle kristne barnegrupper, -kor, og -lag på Bryne. Ledd i "paraplyarbeidet" der alle som driv barnearbeid skal sjå seg som del av den samla trusopplæringa.
- 8.klassingar på Bryne i samarbeid med Ungkyrkja, 22 ungdommar på overnatting.
- Undheim: Ukuf/ U21gudstenester. Grupper: drama, dans, lyd, band. Huskyrkjer.
- Lye: Itte skuleti', Himmelskulen, Fredagskvelden. Tenestegrupper for ungdom.
- Ruste og styrke søndagsskulane, primært i Bryne krk. og Lye forsamlingshus.
- Open familie: Ope, diakonalt breiddetiltak på Rosseland

Parallelt med trusopplæringa satsar vi på å vidareutvikle det gode kyrkje-skulesamarbeidet. Har i 2007 hatt "Vandring gjennom Bibelen"- kurs i 4./ 5.klassane.

## Vidare satsingsområde for 2008:

- Utvikle fasetilbod for 3. klassingar, prøve ut i nokre skulekrinsar.
- Vidareutvikle og gjennomføre fasetilbod for 12-13 åringar.
- Ferdigstille lokal "læreplan" for avgrensa tiltak og "rammeplan" for all trusopplæring.
- Etablering av nye "undervisningsutval" felles for kateket og trusopplæring.

Trusopplæringa vert utvikla gjennom ei prosjektorganisert forsøks- og utviklingsperiode på 5 år. Denne perioden utløper ved utgangen av 2008. Dei politiske føringane går i retning opptrapping av trusopplæring slik at det skal gjelde alle kyrkjelydane i landet. Vi reknar med ei vidare bevilgning slik at vi kan oppretthalde stillingar. Overgang frå prosjekt til drift kan likevel få konsekvensar for innhald i stillingar.

**Tilsette:** Prosjektet har til saman 1,6 stillingar pr 31/12 2007:

30% medarbeidar på Bryne: Jorunn Pettersen

20% kyrkjelydsprest på Undheim: Per Børge Hillestad

20% ungdomsprest på Lye: Ole Tørring

20% kantor, Bryne ++: Per Olav Egeland

70% prosjektleiar: Jorunn Ueland.

Viser elles til ein omfattande rapport som er å lese på [www.storstavalt.no](http://www.storstavalt.no) frå 1.mars.



DEN NORSKE KYRKJA

Diakonen i Time

Postboks 373

4349 Bryne

12.02.08

## Årsmelding 2007, Time diakoniutval

Årsmeldinga omfattar oppgåver der diakon, diakoniutval og andre frivillige medarbeidarar er involvert.

### Time diakoniutval:

- Time Diakoniutval har i 2007 bestått av: Brynhild Stokka Andersen (formann og soknerådsrepresentant), Solveig Vatland, Marit Hallaråker Fotland, Venke Garpestad og Birgit Tegle (vara). og Marit Høie Hetland (diakon og sekretær). Utvalet har hatt 4 møter og behandla 25 saker.

### Sorgarbeid

- Minnegudsteneste: Sondag 14. januar var det minnegudsteneste i Time kyrkje, organisert av Time diakoniutval. Mange pårørende hadde kome til kyrkja for å minnast dei som hadde døydd i året 2007. Alle festarar og/eller næraste pårørende dette året i kvar familie får brev med invitasjon til familie og vener. Dette er eit felles arrangement for heile Time. Songgruppa Shalom deltok, alle namna blei lest opp og det blei tent lys. Gunn Karin Røsand og Ingunn Garpestad Moi var med som frivillige medhjelparar. Kyrkja var full.
- Open kyrkje / Tenn eit lys for den du var glad i: Laurdag før Allehelgensdag hadde Time diakoniutval ope i tilbygget i Time kyrkje. Her kunne folk komme for å få kaffi og kaker og varme seg når dei besøkte gravene. Det var tilbod om samtale og høve til å tenne lys. Inne i kyrkjesalen hadde vi ein time med orgelmusikk og skrift/diktlesing ved Per Olav Egeland og Leif Andenes. Ca 50-60 personar kom, 25 av desse lytta til programmet i kyrkjesalen.
- Sorggrupper og kontakt med etterlatne: Diakonen tar kontakt med etterlatne i heile prestegjeldet. Det blir arrangert sorggrupper i samarbeid med hele Jæren og Sandnes prosti. I år har det vært ei sorggruppe med leiarar ifrå Time. Elles har det vært mange deltakarar frå Time i sorggrupper andre stader. Disponible gruppeleiarar i Time er Kirsten Jæger Fjetland, Berit Bromann Foss, Ingunn Garpestad Moi, Marit Reiten og Gunn Karin Røsand. Det har vort ein samling for desse. Det blei også saman med Jæren og Sandnes prosti arrangert ein felles temakveld om sorg i Gand kirke 12 september.

### Arbeid for eldre

- Runde tal: Medlemmane av diakoniutvalet har saman med diakonen gått på besøk med ei bokhelsing til 22 eldre som fyller 80 og 90 år.
- Vårfest for alle over 60: Sondag 22. april arrangerte Time diakoniutval årets vårfest på Lye Forsamlingshus. Det var ein vellukka fest. Programmet bestod av andakt ved kaptein i Frelsesarmeen Hans Egil Hansen, song og musikk ved Saksofongruppa på Undheim og kulturskuleelevar. Mange frivillige var med og laga i stand festen og laga maten. Det var rundt om 50 personar til stades på festen. På grunn av at Sivdammen velferdssenter hadde eit parallelt arrangement, var det omtrent halvparten så mange som det pleier å kome.

### Besøksteneste

- Organisert besøksteneste: Den norske kyrkja har gått saman med Frivillighetssentralen i Time om å starta ein meir organisert form for besøksteneste. Besøkstenesta skal ha ein tydeleg diakonal profil. Det er etablert ei styringsgruppe for besøkstenesta. Denne består av diakon, leiar av Frivillighetssentralen, Målfrid Digernes som er Time kyrkjelyd sin representant i dette arbeidet, samt Jan Rosland frå Bryne kyrkjelyd, Mary Morken og Wenche Paulsen frå Frivillighetssentralen. Styringsgruppa har utarbeidd ein modell for besøksteneste som blir brukt både i Frivillighetssentralen og i Den norske kyrkja i Time. Det blir lagt vekt på god oppfyljing både av besøkjaren og den som mottar besøk.
- Meir enn ord 07: Styringsgruppa arrangerte ein inspirasjonskveld om besøksteneste 8. november i Bryne Mølle. Det blei ein inspirerende kveld. Kjell Erfjord var inspirator, Fellesmusikken frå Frelsesarmeen var med og det var to intervjuar med Liv Lye og Helga Fløysvik.

### Samlivsarbeid:


- Samlivskursa "To på samme kurs" og "Et annerledes språkkurs" er eit tilbod som vi har saman med Bryne og Undheim kyrkjelyd. Vi har i år hatt to kurs over fem kveldar med til saman 16 deltakarar. Begge kura var kurs nr. ein.

Postadresse  
Postboks 373  
4349 Bryne

Parkvn. 2  
4340 Bryne

Telefon: 51 77 03 77  
Telefaks: 51 77 03 60

Kontortider kyrkjekontoret  
Måndag - fredag 09.00 – 14.00  
e-post: diakon@time-kyrkja.no



# DEN NORSKE KYRKJA

## Diakonen i Time

Postboks 373  
4349 Bryne

12.02.08

- Romantisk aften blei arrangert 26. januar i Bryne kyrkje. Kyrkjesalen var full, ca 300 personar kom. Dette er eit fellesarrangement med Hå og Klepp prestegjeld. Willy og Ingjerd Finnbakk er frivillige medarbeidarar frå Time prestegjeld. "Han Innante" var leigt inn som underholdning.
- Inspirasjons- og oppfriskningskurs med Anne Helene og Bjarte Våge blei arrangert 5. og 6. oktober. Fredagen var ein inspirasjonskveld for alle medhjelparane, medhjelparar frå Hå og Klepp vart også invitert. 16 personar var tilstades. Laurdagen var eit oppfriskningskurs ope for alle, her var det 20 deltakarar.
- Frivillige medhjelparar i samlivsarbeidet er Liv Heidrun og Trond Heskestad, Ingjerd og Willy Finnbakk, Tordis og Steinar Sandvik, Kristine og Herleiv Braut. Hans Tore Hetland er soknerådsrepresentant.

### Arbeid for menneske med utviklingshemming

- "Sundagstreff": Ein søndag i månaden er det samling med gudsteneste tilrettelagt for menneske med utviklingshemming i Bryne kyrkje. Kl 18.00 er det ringleik, allsong, og mat i peisestova. Kl 19.00 er det gudsteneste i kyrkjesalen. Mellom 15 og 25 personar er til stades på kvar samling. Frivillige medhjelparar i dette arbeidet er: Anne Kristine og Hilmar Røthing, Trond Toft Eriksen, Torunn Undheim og Solveig Vatland
- Deltaking i formiddagsgudsteneste: Søndag 11. november deltok "Sundagstreff-gjengen" saman med "Bankers" på formiddagsgudstenesta. Onsdagen før hadde vi ein gudstenesteverkstad for å planleggje og øve på innslag. Her var det 13 deltakarar.

### Arbeid for menneske med fleirkulturell bakgrunn

- Kristent Interkulturelt arbeid, Kia-Bryne: Kia-Bryne arrangerte to storsamlingar, fire temakveldar, samt ei rekkje med komitèmøter. I tillegg har Kia-Bryne starta ei turgruppe for kvinner. Kia-Bryne sitt mål er å skapa eit fleirkulturelt fellesskap i kyrkjelyden der norske og nye norske kan verta kjende. Komitèmøtene fungerer også som møtepunkt der menneske med ulik kulturell bakgrunn er med og planlegg arbeidet. Det har vore med 10 frivillige personar i Kia-Bryne komiteen dette året: Synnøve Hatle, Alemayehu Fantahun-Simma, Girmaa Jiimaa, Chiaki Kawasaki, Liv Helga Lygren Austnaberg, Ola Undheim og James, Robert, PaHram og PaBoy frå Burma.
- Storsamlingar: 10 mars og 27. oktober var det arrangert storsamlingar i Bryne kyrkje. Mange personar med ulik kulturell bakgrunn var med å bidrog med mat, programinnslag og praktiske oppgåver. Det kom ca 100 deltakarar på kvar av desse storsamlingane.
- Temakveldar: Vi har vore samla til fire temakveldar i Bryne kyrkje der vi har vore samla omkring eit tema, song og musikk og litt mat. Det har vært mellom 10 og 20 personar tilstades på desse samlingane.

### Innsamlingsaksjon

- Fasteaksjonen, 27. mars: Årets tema var "Forglemmegei". Konfirmantar går med bøsser, og konfirmantforeldre er med og køyrer der det er for langt å gå. Brynhild Stokka Andersen, Ingjerd Finnbakk og Trond Heskestad er med som frivillige medhjelparar på Hognestad, Vestly og Lye. Resultata blei: Hognestad/Vestly, kr. 18301,5 og Lye, kr 15528,5

### Kriseteam

- Kriseteam: Diakonen sit i eit tverrfaglig kriseteam for Time kommune. Det har vært to møter med kriseteamet i år, samt eit oppdrag der heile kriseteamet blei utkalla.

*Marit Høie Hetland*

Marit Høie Hetland  
Diakon/Sekretær

Brynhild Stokka Andersen  
Formann i Time Diakoniutval